

DET NORSKE TEATRET

PROGRAM
MAI-HAUSTEN 2015

VELKOMMEN I TEATERET

OG FØLG OSS PÅ

facebook.com/detnorsketeatret

Twitter: [@detnorsketeatre](https://twitter.com/detnorsketeatre)

Instagram: [detnorsketeatret](https://www.instagram.com/detnorsketeatret)

DET NORSKE TEATRET

Kristian IVs gate 8, 0164 Oslo

detnorsketeatret.no

PROGRAM VÅREN

HOVUDSCENEN

KALVØ
BRAND
SWEENEY TODD
ABRAHAMS BARN

SCENE 2

SYLVI
HAMLET
FUGLETRIBUNALET

SCENE 3

HAUGTUSSA
FRÅ LANDEVEGEN
EG RINGER MINE BRØR
IVAR AASEN OG DET NORSKE
DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN DER NATTA

For speleplan og informasjon om
Lunsj & Lyrikk, Bikubekveld og INNSIKT-program: sjå detnorsketeatret.no



SWEENEY TODD

Musikk og songtekstar: Stephen Sondheim. Manus: Hugh Wheeler.

Omsetjing: Ragnar Hovland. Regi: Erik Ulfsby.

I VÅR ER DET PAIBACKTIME PÅ HOVUDSCENEN. FOR HEMNEN ER SØT – OG DU HAR ALDRI SMAKT SØTARE PAI!

I teatersjef Erik Ulfsby sin regi og med den mektige musikken til Stephen Sondheim, er det duka for ei velsmakande og morosam musikaloppleving. Vel bekomme!

Med: Frank Kjosås, Charlotte Frogner, Silya Nymoén m. fl.



«eventyrlig makaber fabel med moral,
innpakket i lag på lag med moro» VG

SPELEPLAN: Mai, juni, aug. og sep. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 575/540 | ungdomskort kr 100 | rabattar

KALVØ

Av og med Are Kalvø. Regi: Erik Ulfsby.



«en forestilling
å få med seg» VG

**KVA NYTTAR DU
TIMANE I LIVET
DITT TIL?**

«Are Kalvø er
i sitt ess» DAGSAVISEN

SPELEPLAN: Mai, juni, sep, okt, nov. og des. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 390 | ungdomskort kr 100 | rabattar

ABRAHAMS BARN

Av og med Svein Tindberg. Regi: Kjetil Bang-Hansen.




«En drivende god forteller» vg

DET NORSKE TEATRET TAR OPP IJEN *ABRAHAMS BARN!*

Meir enn nokon gong blir det i det offentlege ordskiftet mana til forsoning, forståing og auka kunnskap om ulike levesett, verdjar og religionar.

SPELEPLAN: Siste gonger: 16., 30. mai, og 6. juni.

BILLETTAR: Ord. kr 420 | ungdomskort kr 100 | rabattar



«innsikt og
tankegods» VG

«Granskende idéteater om
menneskelighet og mening» DAGBLADET

«Svein Tindberg som Brand gjør
nok en stor rolle» VÅRT LAND

BRAND

Av Henrik Ibsen. Omsetjing: Edvard Hoem. Regi: Kjetil Bang-Hansen.

SVEIN TINDBERG OG KJETIL BANG-HANSENS NYE TRUSPROSJEKT

Det handlar framleis om gudstru, men denne gongen møter vi ei tru så sterk at ho blir til fanatisme. Trua på kjærleikens Gud krev så store offer at ho øydelegg livet.

Med Svein Tindberg i hovudrolla.

SPELEPLAN: Mai, juni, sep, okt. og nov. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 420/320 | ungdomskort kr 100 | rabattar

«Sterk Blokhus»

DAGBLADET

«en særdeles velkomponert
og velflytende Hamlet-
oppsetning»

KLASSEKAMPEN

«Regissør Peer Perez Øian
har skapt en rik og
moderne Hamlet»

DAGSAVISEN



HAMLET

Av William Shakespeare. Omsetjing: Edvard Hoem. Regi: Peer Perez Øian.

ER VI ALLE HAMLET?

Kva er skodespel, og kva er sant? Kven er Hamlet? Er vi alle Hamlet?
Når den danske prinsen ikkje får lov til å sørge over sin døde far, rasar alt rundt han.

Med Marie Blokhus i hovudrolla.

SPELEPLAN: Mai, juni, sep. og okt. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 330 | ungdomskort kr 100 | rabattar



**«Marie Blokus er modig
og perfekt som Allis»
«helt klart et 'må-se' for
alle teaterinteresserte»**

VG

**«en sjeldent gripende
teateroppsetning»**

DAGSAVISEN



FUGLETRIBUNALET

Av Agnes Ravatn. Dramatisert av Ingrid Weme Nilsen. Regi: Marit Moum Aune.

AGNES RAVATNS SUKSESSROMAN TIL SCENEN

Med *Fugletribunalet* vann Agnes Ravatn P2-lyttaranes romanpris i 2013 og Ungdommens kritikerpris i 2014. No hyllar kritikarane teateroppsetninga.

Fugletribunalet er ein psykologisk thriller om historikar og tv-kjendis Allis Hagtorn og hennar flukt frå ein pinleg kjærleiksskandale med påfølgjande offentleg skittentøyvask. Ei flukt, skal det vise seg, frå vondt til verre.

Med Marie Blokhus i hovudrolla.

SPELEPLAN: Mai, juni, aug, og sep. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 330 | ungdomskort kr 100 | rabattar

SYLVI

Gjestespel frå Finland/Sverige.

Av Minna Canth. Regi og scenografi: Mikko Roiha.

KOR LANGT ER EIT MENNESKE VILLIG TIL Å GÅ FOR DEN HO ELSKAR?

Eit klassisk og lidenskapeleg drama om ei ung, vill jente som sit fast i eit ekteskap med ein eldre mann ho ikkje elsker.

Ein samproduksjon mellom: Klockriketeatern, Kokkolan Kaupunginteatteri, Savonlinnan Teatteri, Wasa Teater, Åbo Svenska Teater ja Vapaa Teatteri.

SPELEPLAN: Ei framsyning, 21. mai.

BILLETTAR: Ord. kr 330 | ungdomskort kr 100 | rabattar

HAUGTUSSA

Av Arne Garborg. Omarbeidd av Ane Dahl Torp.
Regi: Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby.

INTENST OG LYRISK OM KJÆRLEIK OG LENGT

Ane Dahl Torp har klipt og limt i Arne Garborgs *Haugtussa*. Ektemann og komponist Sjur Miljeteig har laga ny musikk til. Resultatet er eit musikalsk forteljarteater som flørtar med mørkret frå rockescenen.



«Poetisk og rå»

VG

SPELEPLAN: Juni, aug, sep, okt. og nov. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar



«gir innblikk og ettertanke»

VG

«Gjertrud Jynges engasjerte historietime skaper spørsmål som dirrer lenge etter at forestillingen er over».

VÅRT LAND



FRÅ LANDEVEGEN

Av og med Gjertrud Jynge, og musikalr Espen Leite.

Gjertrud Jynge har laga ei sterk og personleg framsyning om tippoldefar sin, Jakob Walnum, og arbeidet hans i den såkalla Omstreifarmisjonen som han starta i 1897.

I si samtid var han ein høgt akta person, som for sitt velgjerande og kristne arbeid for taterane, dei heimlause, fekk St. Olavs orden. Erttertida har felt ein nokså hard dom over tvangstiltak og overgrep som gjekk føre seg i misjonen sine institusjonar.

Gjennom ulike tekstar, songar og bilete rører Gjertrud Jynge ved denne historia på nytt. Ei krevjande historie både for henne og for oss.

SPELEPLAN: Mai, aug. og sep. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

DET MERKELEGE SOM HENDE MED HUNDEN DEN NATTA

Av Mark Haddon. Omsetjing: Jon Fosse. Regi: Trine Wiggen.

«**Dette er teater du bør få sett**» DAGBLADET

Mark Haddons bestseljar-roman frå 2003 er blitt til gripande teater, og er ei vakker historie om ein gut som er annleis, men med kjensler og draumar som alle andre.



SPELEPLAN: Mai, juni, okt, nov. og des. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

BU BETRE

av Munksø, Mørkeby og Wisbech. Omsetjing: Runa Kvalsund. Regi: Catrine Telle.

BLIR VI LYKKELEGARE AV EIN VAKKER HEIM?

For å få sjelero investerer nordmenn årleg milliardar i oppussing og interiør. Vi drøymmer om hus. Vi drøymmer om å slå ned veggjar. Vi drøymmer om det perfekte livet ...

«Lett og lekent»

DAGSAVISEN

«Godt ensemblespill, gode scener og gode skuespillere»

NRK KULTURNYTT



SPELEPLAN: Aug, sep. og okt. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

EG RINGER MINE BRØR

Av Jonas Hassen Khemiri. Regi: Peer Perez Øian.

Tre år er gått sidan det første kullet med skodespelarstudentar ved Det Multinorske starta utdanninga si her på Det Norske Teatret. Dette er avslutningsframsyninga deira.

Eg ringer mine brør er eit underhaldande og illsint oppgjær med fordommane våre mot andre – og kvarandre.

Med: Kadir Talabani, Thomas Bipin Olsen, Sara Khorami og Judy Nyambura Karanja.

PREMIERE 21. MAI

SPELEPLAN: Mai og juni. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Kr 100



IVAR AASEN OG DET NORSKE

Av og regi: Ingrid Weme Nilsen.

**KORLEIS HADDE LIVET I
NOREG I 2015 VORE, OM
IVAR AASEN IKKJE HADDE
GITT OSS EIT NYTT SPRÅK
Å BALE MED?**

Med: Joachim Rafaelsen og Pål Christian Eggen.

SPELEPLAN: 5. og 10. juni.

BILLETAR: Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar



BIKUBEKVELD

Kvar fredag kl. 22.30 inviterer vi til musikalsk kveld i Bikuben.

11. SEPTEMBER:
URBAN ARTATTACK – 1

18. SEPTEMBER:
KABARET MAKABER

25. SEPTEMBER:
Program kjem

2. OKTOBER:
URBAN ARTATTACK – 2

9. OKTOBER:
BOK-BIKUBE
Med: Anna Bache-Wiig,
Morten Borgersen og
Mattis Herman Nyquist

16. OKTOBER:
Tiril Heide Steen syng
Billie Holiday

23. OKTOBER:
SIDE BROK

30. OKTOBER:
Program kjem

NOVEMBER:
URBAN ARTATTACK – 3

13. NOVEMBER:
SUSANNE FUHR

20. NOVEMBER:
Program kjem

27. NOVEMBER:
URBAN ARTATTACK – 4

4. DESEMBER:
SINATRAS JUL
Med Frik Heide Steen

For oppdatert program:
detnorsketeatret.no

BILLETTAR: kr 100



HAUSTEN 2015



HALVE KONGERIKET

NORSK POLITIKK – THE MUSICAL!

Av Are Kalvø og Ingrid Bjørnov. Regi: Marit Moum Aune.

Gjer klar for ein humoristisk og satirisk musikal om norsk politikk og norsk samtid.

Alle hugsar bryllaupet til Haakon og Mette-Marit ein augustdag i 2001. Korleis er slike storhendingar med på å definere kven vi er og kven vi vil vere? Og kva har norsk politikk med dette å gjere? Kanskje politikk er meir romantisk enn vi skulle tru?

URPREMIERE 4. SEPTEMBER PÅ HOVUDSCENEN

SPELEPLAN: Sep., okt. og nov. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 575/540 | ungdomskort kr 100 | rabattar



SOLARIS KORRIGERT

av Øyvind Rimbereid. Musikk: Sjur Miljeteig. Regi: Peer Perez Øian.

SOLARIS KORRIGERT ER EIT FRAMTIDSSCENARIO FOR NOREG

Ane Dahl Torp og komponist Sjur Miljeteig er igjen saman på scenen etter samarbeidet med suksess-framsyninga *Haugtussa*. Diktverket dei no skal i gang med er rekna blant dei 25 viktigaste verka i norsk litteraturhistorie. Det 800 linjer lange titteldiktet blir skildra som ein apokalyptisk utopi, som like mykje peikar til vår tid, som til framtida.

PREMIERE 4. OKTOBER PÅ HOVUDSCENEN

SPELEPLAN: Okt. og nov. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 420/320 | ungdomskort kr 100 | rabattar



«Tonje Glimmerdal har alt som trengs for en fin kveld på teater med barna»

VG

«Morsom og rørende forestilling for store og små»

AFTENPOSTEN

«Strålende barneteater»

DAGBLADET

TONJE GLIMMERDAL

av Maria Parr. Dramatisering og regi: Ivar Tindberg.

EI FRAMSYNING FOR HEILE FAMILIEN

Jenta med fart og sjølvtilitt er tilbake!

Etter strålende kritikkar hausten 2013, tek vi no opp igjen denne nye perla så fleire barn skal få glede av Maria Parris varme og morosame univers.

Tonje Glimmerdal byr på latter, drama, tårer og musikk – mykje å gle seg til for både store og små. Passar frå 5 år.

Med Kjersti Dalseide i hovudrolla.

NYPREMIERE 6. NOVEMBER PÅ HOVUDSCENEN
NB! BLIR OGSÅ SPELA PÅ SØNDAGAR!

SPELEPLAN: Nov. og des. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Vaksne og barn kr 280 | ungdomskort kr 100 | rabattar



FULLE FOLK

av Ivan Vrypajev. Regi: Sigrid Strøm Reibo.

Kva skjer med folk som er veldig, veldig, veldig fulle?

Jo, dei tek lettare kontakt med folk dei ikkje kjenner, dei opnar seg lettare og dei blir meir kjenslevare både på godt og vondt. Dette inspirerte den russiske samtidsdramatikaren Ivan Vrypajev til å skrive eit kolsvart stykke med masse humor, som også er ein interessant studie av den menneskelege naturen.

NOREGSPREMIERE 8. OKTOBER PÅ SCENE 2

SPELEPLAN: Okt. og nov. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 330 | ungdomskort kr 100 | rabattar



KVEN ER REDD?

av Carl Frode Tiller. Regi: Lasse Kolsrud.

NYTT STYKKE AV CARL FRODE TILLER

Vi møter Bjørn, ein middels god skodespelar midt i livet, som står ovanfor den største oppgåva hittil i karrieren: Han skal spele hovudrolla som George i *Kven er redd for Virginia Wolf?* Medan han førebur seg til det nokså triste og dramatiske livet til den store rollekarakteren, begynner hans eige liv å fortone seg stadig meir problematisk.

URPREMIERE 13. NOVEMBER PÅ SCENE 2

SPELEPLAN: Nov. og des. Sjå detrorsketeatret.no for datoar.


BILLETTAR: Ord. kr 330 | ungdomskort kr 100 | rabattar

EG HEITER BENTE

av Rikke Wölck. Regi: Anne-Karen Hytten.

Når Bente får Alzheimer, er det venninnene som tek vare på henne.

Ei rørende, frodig og livsbejaande forteljing om fire sterke og lange venskap, som vil kjennast aktuell for dei fleste. Sjukdom rammar ikkje berre den som blir sjuk og familien: Den rammar i like stor grad nære vener.



NOREGSPREMIERE 28. AUGUST PÅ SCENE 2

SPELEPLAN: Aug. og sep. Sjå detnorsketeatret.no for datoar.

BILLETTAR: Ord. kr 330 | ungdomskort kr 100 | rabattar

SCENE 3

STORE OPPLEVINGAR I EIT LITE ROM

KRAPPS SISTE SPOLE av Samuel Beckett

Regi: Bjørn Sundquist. Premiere 22. august

Ein eldre mann sit på eit kontor. Framfor seg har han eit lydband og ein bandopptakar. Han sit og høyrer på opptak av seg sjølv laga for lenge sidan. Opptaket lokkar fram både latter og gamle minne. Etter kvart tek han opp mikrofonen og byrjar svare til si eiga forteljing. Eit forsøk på å halde fast i seg sjølv, eller er det eit forsøk på å endre fortida?

SPELEPLAN: August og september.

ELVA SOM DELER BYEN etter Oskar Braaten m. fl.

Manus og regi: Carl Morten Amundsen. Premiere 18. september

Gjennom kjende og mindre kjende tekstar av Oskar Braaten reflekterer denne framsyninga over korleis Akerselva har delt Oslo i to. For elva deler framleis byen. På andre måtar enn i Braaten si tid, men Akerselva er eit slags identitetskompass. Dei som ikkje bur i Oslo eller ikkje har budd her, skjønar kanskje ikkje stort av dette. Men vi som er her, vi skjønar det. Ikkje sant?

SPELEPLAN: September og oktober.

SOGA OM EGIL SKALLAGRIMSSON i ein versjon av Morten Cranner

Regi: Morten Cranner. Premiere 5. november

I haust er det duka for ein viking-action-komedie-kvad-musikal på Scene 3 når regissør og komponist Morten Cranner tek for seg Soga om Egil Skallagrimsson, eit rykte på 50 sider. Framsyninga følgjer livet til Egil på 900-talet, frå fødsel til død, gjennom himmel og helvete, krig og kjærleik, og gjennom Egils eigne kvad.

SPELEPLAN: November.

BILLETTAR SCENE 3: Ord. kr 250 | ungdomskort kr 100 | rabattar

KJØP SCENE 3 PAKKA!

Kjøp billett til 3 ulike Scene 3-framsynigar og betal berre kr 130 per billett!
Ordinær pris kr 250.

For meir info og oppdatert speleplan: detnorsketeatret.no



LØVE RESTAURANT OG BAR

LØVE Restaurant og Bar ligg i 1. høgda i vår nye foajé. Frå lunsj til sein kveld finn du ein stor og variert meny med kontinentale smørbrød, fransk brasseri og botnsolid á la carté.

Dersom du ønskjer bordbestilling, eller er ei gruppe som ønskjer eige selskapslokale med eigen servering – kontakt oss på: **tlf 22 47 39 70** eller **kafelove.no**

Du kan også bestille forfriskingar til pausen i framsyningane, kontakt LØVE når du kjem i teatret



PRAKTISK INFO

GI EI TEATERGÅVE

Gi ei gåve ingen har frå før – ei teateroppleving! Kjøp gåvekort på **detnorsketeatret.no / 22 42 43 44.**

BILLETTBESTILLING

Kjøp billett på nett eller i billettluka: **detnorsketeatret.no / 22 42 43 44**
Billettluka er open: mån. kl 11–17, tys.–fre. kl. 11–19.30, laur. kl. 11–17.30.
Telefontid: mån.–fre. frå kl. 10, laur. frå kl. 11.

FÅ TEATERINFO

Meld deg på nyheitsbrevet vårt!

detnorsketeatret.no

Som mottakar av nyheitsbrevet får du gode teatertilbod, nytt om repertoaret og informasjon om INNSIKT-program.

UNGDOMSKORTET

Er du mellom 15 og 25 år, kan du med ungdomskortet kjøpe billetter til kr 100 på alle scenane våre.

BESØK OSS

Næraste parkeringshus er Sentrum P-hus, innkøyring ved Munchs gate og Hammersborgtunnelen (Ring 1). Parkering for funksjonshemma vis-à-vis Nasjonalgalleriet i Universitetsgata.

Bli medlem av

VENNER AV DET NORSKE TEATRET

Vennelaget har som føremål å fremje interessa for Det Norske Teatret. Som vennelagsmedlem får du:

- Rabatt på teaterbilletter
- Informasjon om det som skjer på teatret
- Invitasjon til spesielle teaterkveldar med presentasjon av framsyninga for kvelden
- Teaterturar i inn- og utland

For meir informasjon: detnorsketeatret.no/vennelaget

PRAKTISK INFO

DEL DINE OPPLEVINGAR HOS OSS

Bruk emneknagg #detnorsketeatret
på Instagram og Twitter

**DET
NORSKE
TEATRET**

